



forum for
natur og friluftsliv

Til Olje- og energidepartementet
nve@nve.no

Leikanger 13.11.2014

På vegner av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Norsk Ornitologisk Forening i Sogn og Fjordane, alle tilslutta FNF, klager vi på NVE sine konsesjonar til sak 200704834-129, 200904688_67 og 201104378_221 gjeldande Guleslettene vindkraftverk i Bremanger og Flora kommune, Vågsvåg vindkraftverk med tilhøyrande nettilknytning i Vågsøy kommune og ombygging av 132kV for nettilknytning av Guleslettene vindkraftverk, alle i Sogn og Fjordane.

Tilleggsgrunngeving: Klage på NVE sine konsesjonar til sak 200704834-129, 200904688_67 og 201104378_221 gjeldande Guleslettene vindkraftverk i Bremanger og Flora kommune, Vågsvåg vindkraftverk med tilhøyrande nettilknytning i Vågsøy kommune og ombygging av 132kV for nettilknytning av Guleslettene vindkraftverk, alle i Sogn og Fjordane.

FNF - Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftsansjasjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og friluftsiinteressene i aktuelle saker. FNF i Sogn og Fjordane har eit nettverk med 10 medlemsorganisasjonar på fylkesnivå med til saman over 15 000 medlemmar. FNF arbeider også for å sikre areal for eit aktivt friluftsliv. Friluftsliv er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og vern om naturen er å sikre livsgrunnlaget for oss sjølv og komande generasjonar. Friluftsliv er ein del av norsk kulturarv og ei kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal oktober: 6.081. Guleslettene vindkraftverk ligg både i Flora Turlag og Keipen turlag sine arbeidsområde, sjå: <http://flora.turistforeningen.no/>, <http://keipen.turistforeningen.no/> og Vågsvåg vindkraftverk ligg i Ytre Nordfjord turlag sitt, sjå <http://www.ynt.no/>

Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er medlem av Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn han toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

Om Norsk ornitologisk forening avd Sogn og Fjordane:

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

NOF Sogn og Fjordane vart stifta på Værlandet 14.april 2013. Styret vil starte arbeidet med å rydde opp i lokalitetar på artsobservasjon.no. NOF Sogn og Fjordane arrangerer fugleturar, fuglehelg, årsmøte m.m., sjå:

<http://www.birdlife.no/organisasjonen/fylkesavdelinger/sognogfjordane/>

LRSK i Sogn og Fjordane, eller lokal rapport og sjeldenhetskomite, i Sogn og Fjordane har som oppgåve å kvalitetssikre observasjonsmaterialet frå Sogn og Fjordane. Kontakt: Jan Ove Sagerøy (Tlf: 917 21 073. E-post: jos@vikorsta.no)

Vi viser til klagen vår av 30.10.2014, og vil her kome med ei tilleggsgrunngjeving til den. Ettersom sumverknadar både i Sogn og Fjordane og nasjonalt, og samanlikning med andre prosjekt i Sogn og Fjordane, er del av heile saka, vil vi også ta med noko om dette i denne grunnngjevinga.

Generelt om vindkraftsaker og NVE si handsaming av desse:

Av NVE sitt notat/oversyn: ”**Ny kraft: Endelige tillatelser og utbygging** 3. kvartal 2014”, går det fram at det i 2014 til og med 3. kvartal totalt er:

- Sett i drift: 1 vindkraftverk på 45 MW med ein venta årsproduksjon på 122 GWh.
- Under bygging: 1 vindkraftverk på 3 MW med ein venta produksjon på 13 GWh.
- Gitt endeleg løyve til, ikkje bygd: 46 vindkraftverk på 3.322 MW, produksjon 9.172 GWh.

Tala viser mellom anna at det i alt pr. 30.09.2014 var gitt endelege konsesjonar til ca. 50% meir vindkraft enn dei anslagsvis 6.000 GWh som det kan vere aktuelt å bygge i Noreg i tilknytning til den eksisterande norsk-svenske el-sertifikatavtalen. I tillegg har NVE gitt konsesjon til ei rekkje utbyggingar som no er under klagehandsaming i OED. Ettersom det er fullstendig uaktuelt å bygge ny vindkraft utan sertifikat, skulle det derfor **ikkje vere trong for å gje ein einaste ny vindkraftkonsesjon!** Det er gitt rikeleg mange nok konsesjonar allereie!

Tala viser også at det, trass i el-sertifikata, no er så lite attraktivt å bygge vindkraft i Noreg at det nesten ikkje blir bygd noko som helst. Til saman 48 MW ferdigbygd i heile 2014 (viss dei 3 MW som er under bygging kjem i drift før nyttår,) er berre 1,44% av dei 3.322 MW som det er gitt endeleg konsesjon til, men der bygging enno ikkje har starta. Situasjonen er no tydelegvis slik at utbyggarselskapa, trass i el-sertifikata, vurderer det som så ulønsamt, både på kort og litt lenger sikt, at dei ikkje ønskjer å bygge ut vindkraft. For mange utbyggarar har også vindkraftsatsinga vore eit tapssluk. Døme:

1. Nord-Trøndelag E-verk som skal ha tapt over 500 millionar, sjå:

<http://www.nrk.no/trondelag/tapte-500-millioner-pa-vindmoller-1.8386650>

2. BKK, SFE, Sunnfjord energi og Sognekraft som til saman skal ha tapt 244 millionar, sjå: <http://www.nrk.no/sognogfjordane/244-millionar-forsvann-med-vinden-1.11932746>

Ettersom det no er gitt konsesjon til så mange vindkraftverk som ikkje er bygde, skulle ein vente at NVE no bremsar opp med å gje nye konsesjonar, og at dei i alle fall ikkje gir konsesjon til dei mest kontroversielle prosjekta. Men vi har inntrykk av at det motsette har skjedd. NVE ”pøsar på” med nye konsesjonar i betydeleg omfang. Og medan vi for få år sidan hadde inntrykk av at NVE i konsesjonshandsaminga gjorde ei nokolunde fornuftig avveging mellom fordelar og miljøulempere ved utbyggingane, har vi no eit inntrykk av at **miljøulempene vert mykje mindre vektlagde av NVE.**

Ettersom vindkraftutbygginga no nesten har stoppa opp, har vi inntrykk av at NVE har vorte så "desperate" etter å gje konsesjon til vindkraftverk som kanskje kan verte bygde, at dei heilt eintidig vektlegg og prioriterer å gje konsesjon til prosjekt med ekstraordinært gode vindtilhøve, og der dei økonomiske utsiktene for prosjekta er mindre dårlege enn for andre prosjekt. **Som konsekvens av denne heilt ein-sidede prioriteringa av utbyggerane sine økonomiske interesser i NVE si sakshandsaming, vert miljøomsyna dels sterkt nedprioriterte, dels heilt neglisjerte.** Dette gjeld både omsynet til naturen, med landskap, naturtypar, biologisk mangfald m.m., og omsynet til dei menneska som er busette i nærområda til dei planlagde vindkraftverka. Dei må betale ein "høg pris" viss dei verste av dei vindkraftverka som NVE no har gitt konsesjon til, vert bygde!

I det etterfølgjande kjem vi med 2 konkrete døme på konsesjonar der NVE etter vårt syn i kritikkverdig grad har sett ulike slags miljøomsyn til side til fordel for utbyggerinteressene. NB! Vi presiserer **svært** sterkt at den kritikken mot NVE som ligg både i desse to døma og i resten av klagen, **ikkje er retta mot dei aktuelle sakshandsamarane!** Dei har heilt sikkert berre gjort den jobben dei har vorte pålagde av sine overordna. NVE si **sterke** prioritering av dei økonomiske interessene på kostnad av miljøomsyna i ein del vindkraftsaker, har heilt klårt vorte bestemt på leiarnivå, ikkje på sakshandsamarnivå!

Døme 1: Okla vindkraftverk i Selje som fekk konsesjon 17.12.2013, og som no er til klagehandsaming i OED. Saka vert her brukt som døme på sterkt kritikkverdig nedvurdering/nedprioritering av omsynet til nasjonalt viktige naturtypar. For verdivurderinga av naturtypane, finst det fleire rapportar med fullstendig motstridande verdivurderingar, frå Nasjonal verdi til Ingen verdi. Vi skal ikkje gå i detalj, men viser til dei aktuelle saksutgreiingane og til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (v/Tore Larsen) sitt notat av 30.09.2013 som vi går ut frå at OED har kopi av. Den utgreiinga (Norconsult 24.06.2013), med svært låge verdivurderingar, som NVE har valt å legge avgjerande vekt på i si konsesjonshandsaming, har Fylkesmannen i siste avsnitt i sitt notat omtala slik (vår utheving):

"For naturtypar kan det dermed sjå ut til at den nye kartlegginga frå Norconsult er meir villeiande enn avklarande. Ein har sett heilt vekk frå tidlegare kartlegging, og basert verdivurdering berre på eiga synfaring trass i at kompetansen tydelegvis ikkje har vore brei nok til å kunne gjennomføre ei slik verdivurdering."

NB! Les heile notatet for å få Fylkesmannen si grunngjeving for denne sterkt kritiske omtalen.

Frå vår side har vi full tillit til Fylkesmannen sin kritikk av Norconsult sin rapport og til den høge verdivurderinga som Fylkesmannen legg til grunn for naturtypane i området. Denne verdivurderinga har også, slik vi les sakspapira, full støtte frå DN (no Miljødirektoratet) si side.

Som følgje av dette må vi dessverre, for første og – håpar vi – einaste gong, seie at **vi i denne saka ikkje har tillit til NVE sine faglege vurderingar når det gjeld naturtypane.** Vi sit tvert imot att med svekka tillit både til NVE si sakshandsaming i vindkraftsaker og til det norske systemet der alle konsekvensutgreiingar bokstaveleg tala er "kjøpte og betalte" av utbyggerane. Vår erfaring gjennom åra frå i storleiksorden 200 NVE-saker, er dessverre at det er altfor variabel kvalitet på konsekvensutgreiingane, frå det heilt glimrande, via nokså middels til altfor dårlege. **Vi ber OED vurdere om ein ikkje bør finne eit anna regelverk for korleis konsekvensutgreiingar skal gjennomførast!**

Vi presiserer at når det gjeld vasskraft- og kraftlinjesaker, og også mange av vindkraftsakene, har vi høg/svært høg grad av tillit til NVE sine vurderingar. Det gjeld også i saker der vi er ueinige/sterkt ueinige i NVE sine konklusjonar. Men (basert på Fylkesmannen og DN sitt syn,) så har vi for Okla, og spesielt når det gjeld naturtypar i den saka, dessverre inntrykk av at her har NVE, heilt bevisst, valt å legge avgjerande vekt på ei fagleg svært svak konsekvensutgreiing for å få nok argument til å gje konsesjon til ei utbygging der vindtilhøva så gode, at vindkraftverket kanskje reelt vil bli bygd. Med bakgrunn i den store tilliten vi har til NVE i så og seie alle andre saker, synest vi det er **svært trist** å måtte fastslå at når det gjeld Okla vindkraftverk, så har vi dessverre ikkje tillit til NVE.

Døme 2: Vågsvåg vindkraftverk i Vågsøy som er ein av dei vindkraftkonsesjonane som vi klagar på i dette brevet. Den saka vil vi bruke som eit konkret døme på at NVE i si konsesjonshandsaming ikkje tek nok omsyn til dei menneska som bur i nærområdet til eit planlagt vindkraftverk.

Bakgrunn: Dei to støyfaglege utgreiingane (sjå utgreiingane for detaljar) som er gjort, viser at for ein 3 MW Vestas-turbin som har 109 dB lydnivå, vil 24 faste bustadar og 5 fritidsbustadar kome innafor støysona (gul sone). For ein 3 MW Siemens-turbin med 108 dB lydnivå vil 11 faste bustadar og 3 fritidsbustadar kome innafor støysona. Så er det laga ei tilleggsutgreiing som også omfattar ein turbin med 106 dB lydnivå. Då er det, ”som ved eit trylleslag” ikkje ein einaste fast bustad eller fritidsbustad som er innanfor støysona. Om det i det heile finst 3 MW vindturbinar på marknaden som har så lågt støynivå som 106 MW, veit vi ikkje. Vi har ikkje sett dokumentasjon som tyder på det, men vi kan sjølvsagt ha oversett noko. Viss 3 MW-turbinar med 106 dB lydnivå ikkje finst, betyr det at ein må bruke mindre turbinar for å få ned støyen. Det vil i så fall bety 10 – 12 mindre turbinar i staden for dei 8 omsøkte 3 MW-turbinane. Om fleire turbinar enn 8 er aktuelle, betyr det mellom anna meir omfattande naturinngrep oppe på fjellet.

Viss det skulle finnast 3 MW-turbinar med 106 dB lydnivå, slik at alle faste og fritidsbustadar kjem utanfor den teoretisk utrekna støyrensa, så betyr det **ikkje** at støyproblema for faste bustadar og fritidsbustadar vert borte. **Ei rekkje bustadar får støy som ligg så tett opp under støyrensa at mange framleis vil bli enten plaga eller sterkt plaga av støy.** Vi viser i den samanheng til denne kopien frå side 48 i konsesjonssøknaden:

Utenfor støysonene gjelder normalt ingen støymessige restriksjoner for arealbruk. Det gjøres imidlertid oppmerksom på at nedre grenseverdi for gul sone er satt slik at ca. 10 % av befolkningen fremdeles vil kunne være sterkt plaget av støy.

I tillegg dei nemnde 10% som vert sterkt plaga av støy, veit vi at ytterlegare 15% vil verte plaga av støyen frå turbinane. Dei offisielle norske grenseverdiane er nemleg fastsette slik at det berre skal vere 75% av folk som ikkje skal verte plaga av støyen. Dermed blir 25% plaga eller sterkt plaga av støy som ligg tett opp under grenseverdien. For Vågsvåg vindkraftverk betyr dette at med så mange bustadar så tett inntil støysona, så er det sannsynleg at det vil bli ganske mange som blir meir eller mindre plaga sjølv om støyen er like under grenseverdiane. **Dette vil skape problem!**

Folk er svært ulike når det gjeld kor følsame dei er for lyd. Nokre er svært følsame for lyd, kanskje til og med det ein kan kalle overfølsame, og blir lett/svært lett plaga. På motsett side kan andre ha høyrselsskadar som gjer dei lite følsame for lyd. Det kan også vere slik at folk er ulikt følsame for ulike frekvensar av lyd. Det som kan skape ekstra problem i samband med støyen frå eit vindkraftverk, er at dei som vert meir eller mindre plaga av støyen og dei som ikkje vert plaga, alle har 100% rett - ut frå sin eigen ståstad. Dei som er plaga av støyen og dei som ikkje er plaga av støyen, kan sannsynlegvis aldri bli einige om støyen er plagsam eller ikkje, fordi begge partar har 100% rett - basert på sine eigne toleransegrenser for støy. Ein får ”det perfekte opplegget for ein bygdekrangel” fordi nesten ingen vil ha reell forståing for den andre parten sitt syn. Dei som er plaga av støyen og som seier frå om det, kan i verste fall risikere å bli ”mobba”. I Vedlegg 1 følgjer kopi av ein avisartikkel der avstanden til vindkraftverket og støyproblema truleg har likskapar med Vågsvåg.

Sjølv om NVE i sin konsesjon held seg innanfor dei gjeldande offisielle retningslinjene for kva som skal vere akseptabel støy, og dermed ”har sitt på det tørre”, er det likevel etter vårt syn **fullstendig feil å ta så lite omsyn til folk sitt bumiljø som det NVE har gjort gjennom å gje konsesjon til Vågsvåg vindkraftverk**. Alle som har god kunnskap om støy frå vindkraftverk (det inkluderer sjølv sagt også NVE) veit at ein del folk, kor mange er ukjent, vil oppleve støyproblem viss Vågsvåg vindkraftverk vert bygd. Med bakgrunn i dette, med bakgrunn i store konfliktpå fleire andre fagfelt, fordi vindkraftverket er lite sett i samanheng med det høge konfliktnivået, og med bakgrunn i det svært store talet på vindkraftkonsesjonar som alt er gitt, er det vårt klare syn at ein ikkje, **med vitande og vilje**, må påføre folk heilt unødvendige nye støyproblem! Ulempene for ein del folk vert for store! Sjølv om det ein gjer er så vidt innanfor regelverket. **Vi oppmodar OED sterkt om å stoppe det ”overgrepet” dette vindkraftverket vil vere for dei mange som bur i nærområdet!**

Vi nemner i denne samanheng at i Vågsøy kommune vert støyproblema i tilknytning til Vågsvåg vindkraftverk truleg undervurderte. Dels fordi berre eit fåtal verkeleg har sett seg inn i innhaldet i dei støyfaglege utgreiingane, dels fordi dei har erfaring med Mehuken vindkraftverk som har mindre (dei største er 2,3 MW), og dermed mindre støyande turbinar enn dei 3 MW turbinane som er planlagde i Vågsvåg.

Kven skal bestemme kvar vindkraftverk skal byggast, NVE og OED, eller utbyggerane?

Vårt klare syn er at det først og fremst er NVE og OED som skal bestemme kvar konfliktnivået er lågt nok til at det skal kunne bli gitt løyve til bygging av vindkraftverk, og ikkje utbyggerane. Det vi no ser er dels at det alt i dag er gitt konsesjon til eit **mykje** høgre tal vindkraftverk enn det som det kan bli aktuelt å bygge, dels at NVE no har teke til å gje konsesjonar også til dei aller mest kontroversielle vindkraftverka, viss vindtilhøva og økonomien vert vurdert som god nok. Både Okla, Vågsvåg og Guleslettene er klare døme på vindkraftverk som er mellom dei aller mest kontroversielle. I alle fall gjeld det i Sogn og Fjordane, men truleg også i større samanheng.

Kombinasjonen av det svært store talet konsesjonar og NVE sin nye ”politikk” om å gje konsesjon også til dei aller mest kontroversielle vindkraftverka, viss vinden og økonomien er god nok, blir høgst sannsynleg ille. Dels fordi det store talet konsesjonar gjer at NVE og OED i realiteten i altfor stor grad overlet til utbyggerane å bestemme kvar det skal byggast ut. Dels fordi NVE gjennom sin nye ”politikk” i realiteten prøver å bestemme at det skal byggast vindkraftverk også på dei aller mest kontroversielle lokalitetane, viss vinden er sterk nok. Og det er den kanskje både på Stadlandet, Guleslettene og i Vågsvåg. NVE ser no i ein del saker ut til å ha nedprioritert miljøomsyna så mykje at det ikkje lenger er akseptabelt verken for folk

eller natur! NVE har gått altfor langt i sin iver etter å hindre at den norske vindkraftbygginga skal stoppe fullstendig opp! **Vi oppmodar så sterkt vi kan OED om å sette ein stoppar for NVE sin nye ”politikk”, slik at miljøomsyna igjen får ei akseptabel vektlegging når vindkraftkonsesjonar skal utdelast. Det offentlege må igjen ta styringa, slik at det ikkje blir bygt vindkraftverk på den aller mest kontroversielle stadane!**

I samanheng med det som står ovanfor, nemner vi at Hennøy vindkraftverk, og den tilhøyrande kraftlinja, også i betydeleg grad er kontroversielt, mellom anna når det gjeld friluftsliv. Men Hennøy vindkraftverk ligg dels i nærleiken av eit stort steinbrot, slik at inngrepa vert nokolunde samla, dels er det totalt sett så pass mykje mindre kontroversielt enn dei 3 andre vindkraftverka vi har omtala, at vi har bestemt oss for å akseptere det. **Når det gjeld friluftsliv, er Guleslettene sett frå vår synsstad det verste av alle dei omsøkte vindkraftverka i Sogn og Fjordane.** Vågsvåg er klårt verre for friluftsliv enn Hennøy, fordi vindkraftverket er planlagt i nærområdet til eit ganske stort og svært attraktivt bustadområde, slik at planområdet er mykje brukt, og svært populært lokalt. For Okla er friluftinteressene litt viktige, men mindre viktige enn for Guleslettene og Vågsvåg. For Okla er det først og fremst naturverdiane, men også landskapet, som er viktigast.

Utdjuping av hovudgrunnane til klagen på konsesjonane til Guleslettene vindkraftverk og Vågsvåg vindkraftverk:

Vi vil her kome med ei utdjuping av dei hovudgrunnane til klagen som står på side 2 og 3 i klagen vår av 30.10.2014. Vi vil her mellom anna vise til tidlegare tilsende fråsegnar og til NVE sine notat ”Bakgrunn for vedtak” av 08.10.2014 for Guleslettene og Vågsvåg.

Store konflikhtar med friluftinteressene, Guleslettene: Dei viktigaste turmåla inne i det planlagde vindkraftområdet, er toppane Slettevarden og Grøfjellet i sør og Skudalsnipa i nordvest. Men stort sett heile planområdet vert nesten heile året brukt til ulike slags friluftsliv både til fots og på ski, og med aktivitetar som vanleg turgåing, fiske, jakt, bærplukking, bading etc. I tillegg er det eit stort tal turmål i nærområdet til vindkraftverket som vil bli påverka av støy og visuelt. Vi viser til fråsegnene som vart innsende i høyringsfasen for meir informasjon. Særleg Sogn og Fjordane Turlag ga ei omfattande omtale av friluftslivet i området, og vi viser til den. Tilleggsinfo til det som stod i høyringsfråsegnene:

Flora Turlag etablerte hausten 2013 eit nytt tilbod om torsdagsturar på dagtid, vanlegvis kl. 10.00 – 14.00. Turane går med få unntak heile året, uansett vêr, totalt ca. 45 torsdagar pr. år. Målgruppa er pensjonistar og yngre folk som har fri på dagtid. Turmåla vekslar frå gong til gong, og startpunktet for turane er innanfor ca. ½ time køyring frå Florø sentrum. **NB! Variasjon i turmåla er overmåte viktig for å halde oppe interessa for turane!**

Guleslettene og området i nærleiken er mellom dei viktigaste måla for desse turane. Vi nemner: Slettevarden, Holten, Terdalskeipen, Dyrelifjellet, Klauvekeipen, Klauvestølen, Stillebåen, Myklebustfjellet, Snøfjellet og Haukånipa som nokre av turmåla inne i eller i nærområdet til vindkraftverket. Desse turmåla er også viktige for Flora Turlag sine tysdags- og onsdagsturar, som er ettermiddagsturar for alle, og går i sommarhalvåret (når det er lyst nok om kveldane) frå ca. midt i april til midt i september. Flora Turlag og Keipen Turlag arrangerer også, på laurdagar eller søndagar, turar til fots eller på ski som går i aust-vest-retning tvers gjennom planområdet. Døme: Mellom Årebrot eller Botnane i vest og Magnhildskaret i aust.

I Flora er det også ei kvinnegruppe, dei fleste pensjonistar, som på privat basis arrangerer torsdagsturar på dagtid. Nokre gonger litt lenger turar enn turlagsturane. Også for dei er Gulesletteneområdet mellom dei viktige turmåla.

Guleslettene er ei lettligjengeleg fjellvidde med vid utsikt over hav, øyar, fjell og fjordar – og Florø sentrum - som det ikkje finst maken til i Flora. Området kan brukast - og vert brukt - til friluftsliv av (nesten) alle aldersgrupper. **Konfliktane med eit eventuelt vindkraftverk vil bli svært store.** Aller størst vert konfliktane for dei 3 viktigaste toppurmålar: Slettevarden, Grøfjellet og Skudalsnipa. Slettevarden vil bli fullstendig omkransa av 6 store turbinar, turbin nr. 28, 29, 30, 32, 33 og 34, sjå kartet. På/ved Grøfjellet blir det 3 turbinar, nr. 22, 23 og 31. På Skudalsnipa er turbin 1 og 2 planlagt plasserte kloss ved høgste toppen. Turbin 3, 4 og 5 kjem også ganske nær, så til saman vil desse 5 turbinane fullstendig dominere den i dag flotte utsikten frå toppen. **NVE har, trass i fleire høyringsinnspel om det, dessverre ikkje vist vilje til å fjerne nokon av turbinane på/rundt dei høgste toppane!** Sjølv om vårt sterke primære ønskje er at vindkraftverket ikkje blir bygd i det heile, så ville det ligge ein viss reduksjon i konfliktnivået i å fjerne dei aller verst plasserte turbinane. Men ettersom desse turbinane truleg er dei som har mest vind, har NVE heilt bevisst valt å prioritere økonomien i prosjektet på kostnad av mellom anna friluftinteressene! Vi er absolutt ikkje nøgde med det, men ser at det er eit ”naturleg” resultat av NVE sitt nye sterke ønskje om å prioritere utbyggarinteressene framfor å ta miljøomsyn!

Alternative turområde: Flora kommune har ingen andre turområde med tilsvarande kvalitetar som Guleslettene. Det er også NVE (i alle fall til ei viss grad) einige i. Flora har sjølvsagt fleire andre turområde. Enkelte av dei, som Brandsøyåsen og Storåsen kloss ved sentrum, vert til og med mykje meir brukte enn Guleslettene, men dei er ikkje eit alternativ til Guleslettene. Ei samanlikning: I Oslo er området rundt Sognsvann og nordover til Ullevålseter mellom dei aller mest brukte friluftsområda som finst. Men dette området er ikkje noko alternativ til Nordmarka mellom Ullevålseter og Mylla, det er vel alle som kjenner Nordmarka einige om. **Guleslettene kan ein kalle Flora ”sitt svar på” Nordmarka nord for Ullevålseter.** (Bortsett frå at utsikten er mykje flottare på Guleslettene, sjølvsagt!)

Toppene Hatlesetnipa, Håsteinen og Skålefjellet er flotte turmål i Flora, men dei (særleg Hatlesetnipa og Håsteinen) er bratte og har ikkje dei familievenlege kvalitetane som Guleslettene har. Til Håsteinen og Skålefjellet er dessutan køyreavstanden frå sentrum ganske mykje lenger. Ramsdalsheia er eit godt alternativ til Guleslettene i skisesongen, sjølv om der er ein del brattare. Men om sommaren er den dessverre ikkje noko særleg godt alternativ. I NVE sitt notat ”Bakgrunn for vedtak” står det mellom anna følgjande i siste avsnitt på side 17 (vår utheving):

”Imidlertid er det populære områder som ikke vil bli berørt verken direkte eller visuelt. Dette gjelder særleg Kupevatnet, som er mye brukt av barnefamilier.”

At Kupevatnet (og området rundt), som ligg like vest for parkeringsplassen ved sørenden av Magnhildskartunnelen, er eit populært område for barnefamiljar, stemmer nok. Men ifølgje synlegheitskartet som følgjer konsesjonssøknaden for Guleslettene, er 1 – 12 turbinar synlege på sør og vestsida av vatnet. (Lys gul farge på kartet.) Det ser også ut som turbinar er synlege kloss nord for vatnet. Tilkomsten til vindkraftverket er det planlagt skal passere like nord for Kupevatnet. Kloss ved, på austsida av vatnet, passerer det ei 132 kV-linje og den nye 420 kV-linja. **NVE sin påstand om at området ikkje vil bli berørt, er nok litt dårleg kvalitetssikra, dessverre. Den stemmer ikkje!**

Store konflikter med friluftinteressene, Vågsvåg: Vågsvåg vindkraftverk er planlagt i eit attraktivt, lett tilgjengeleg (300 høgdemeter), godt tilrettelagt og mykje brukt friluftsområde. Området utmerkar seg med fantastisk fin utsikt utover havet, og det er også god utsikt til øyar, fjordar og fjell. Bruken er godt omtala i høyringsfråsegnene, så vi viser til dei.

Det er planlagt å plassere turbinar så å seie heilt på toppen av alle dei 4 toppane i planområdet. (Sjå kartet.) Det er vel dermed dekning for å seie at konfliktnivået mellom vindkraftverket og friluftslivet er (nesten) så høgt som det på nokon måte kan bli i dette området? Vindkraftverket vil dessutan bli synleg, på dels kort, dels relativt kort avstand frå dei fleste alternative turmål for dei som bur lokalt i området. Vi konstaterer at NVE ikkje har lagt nok vekt på konfliktnivået til å seie nei til vindkraftverket, og er sterkt ueinige i det! Og så kjem dei store konfliktane på andre fagområde i tillegg.

Store konflikter med landskap, Guleslettene: Konsekvensutgreiinga viser at konfliktane med landskap er store. Til og med om natta vil turbinane bli godt synlege, grunna dei raude blinkande lysa på toppen av turbintårna. (Av omsyn til flysikring.) Konsekvensane for landskap vert ekstra store negative fordi det er plassert turbinar også oppe på dei aller høgste toppane. Ei rekkje høyringsinstansar, inklusive Bremanger kommune, Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune der fleirtalet hos alle i utgangspunktet er positive til utbygging, har påpeika dette.

NVE har kommentert dei mange ønskja frå høyringsinstansane om reduserte landskapskonflikter slik i nest siste avsnitt på side 14 i "Bakgrunn for vedtak":

"NVE konstaterer at detaljplassering av vindturbiner er avgjørende for å optimalisere produksjon fra kraftverket, og at vindressurskartet vedlagt konsesjonssøknaden viser spesielt god vindressurs på de høyeste toppene. Vi vil ved en eventuell konsesjon derfor ikke stille krav til plassering av vindturbiner av hensyn til landskap, men anbefale at konsesjonær ser etter løsninger som ivaretar disse innspillene i detaljprosjekteringen."

NVE seier her i klårtekst at dei tek parti for utbyggerane sine økonomiske interesser på kostnad av dei almenne interessene. Når det gjeld turbinplassering, ønskjer ikkje NVE å ta nokon landskapsomsyn i det heile. I staden overlet dei til utbyggaren å – kanskje – innarbeide landskapsomsyn i detaljplanen. **Etter vårt syn er det NVE og seinare eventuelt OED sin jobb å pålegge utbyggerane å ta dei turvande landskapsomsyna. Dette skal ikkje overlatast til utbyggerane!**

I (ein del) tidlegare handsama vindkraftsaker har NVE lagt vekt på å ivareta landskapsomsyna, gjennom å stille konkrete krav, til dømes om fjerning av turbinar. Er det slutt på det no??? (I vasskraft- og kraftlinjesaker er det vår erfaring at NVE alltid legg vekt på å ta landskapsomsyn, også om det svekkar økonomien i prosjekta.)

Store konflikter med landskap, Vågsvåg: For Vågsvåg har landskapet dels regional, dels nasjonal verdi, og konfliktane er store. Dette er påpeika av ei rekkje høyringsinstansar, inklusive Miljødirektoratet og Fylkesmannen. NVE sin kommentar i nest siste avsnitt på side 16 i "Bakgrunn for vedtak" er slik:

"NVE konstaterer at utbygging av vindkraftverket vil tilføre området et teknisk, moderne og industrielt landskapselement, som vil endre og prege landskapskarakteren i området. NVE legger til grunn at vindkraftverket lokalt kan oppfattes som et stort inngrep, som vil

påvirke landskapsopplevelsen. Etter NVEs vurdering kan vindkraftverk også oppfattes som et positivt landskapselement, fordi det blant annet representerer elektrisitetsproduksjon basert på en fornybar energikilde, og slik bidrar til å møte det moderne samfunns etterspørsel etter energi.”

Etter vårt syn vil ikkje Vågsvåg vindkraftverk kunne oppfattast som eit positivt landskapselement verken sett frå Kannesteinen, Hornelen, eller av dei mange som går på tur inne i, eller i nærleiken av, vindkraftverket!

Omfattande bortfall av INON: Sitat frå nedst på side 26 og øvst på side 27 i NVE sitt ”Bakgrunn for vedtak” for Guleslettene vindkraftverk:

NVE konstaterer at reduksjon av INON ofte vil være en følge av etablering av vindkraftverk.

Vindkraftverk må lokaliseres der vindressursen er god og i områder uten bebyggelse. Disse områdene er ofte definert som INON. Det har siden midten av 1990-tallet vært et politisk mål at inngrepsfrie naturområder i størst mulig grad skal bevares for fremtiden.

Regjeringen og Stortinget mener at inngrepsfrie naturområder er viktig blant annet av hensyn til nasjonal arv og identitet, friluftsliv og biologisk mangfold. INON som går sammenhengende fra fjord til fjell er prioritert. Reduksjon av INON vil være vesentlig ved etablering av Guleslettene vindkraftverk, særlig fordi området er et av de største langs kysten i fylket og vil falle bort som INON. NVE mener imidlertid i likhet med Fylkesmannen at det er formildende at berørt INON ikke er sammenhengende fra fjord til fjell, som er prioritert. NVE legger til grunn at et av de største INON langs kysten av fylket vil gå tapt, og vil legge vekt på INON-reduksjonen i den samlede vurderingen i kapittel fem.

Til samanlikning to sitat frå ”Bakgrunn for vedtak” for Vågsvåg vindkraftverk. Det første sitatet er nest siste avsnitt på side 30, det andre er første avsnitt på side 31:

”NVF og AFT mener at tap av INON fra fjord til fjell burde vært verdisatt høyere.

Fylkesmannen

påpeker at det ikke er gitt noen verdivurdering av INON, og fremhever at for Vågsvåg vindkraftverk vil et lite (1,03 km²), men et viktig ”fjord-til-fjell” område gå tapt. De mener at konsekvensgraden burde vært vurdert til middels-stor negativ.”

”Etter NVEs vurdering vil tiltaket medføre et lite bortfall av INON med lokalitetstype ”fra fjord

til fjell”. NVE vil ikke vektlegge reduksjon av INON i den samlede vurderingen av Vågsvåg vindkraftverk.”

Kommentar: For Guleslettene dreiar det seg om bortfall at eitt av dei største INON langs kysten i fylket, og vi ser at NVE har lagt stor vekt på at Fylkesmannen skriv at det er ”formildande” at det ikkje dreiar seg om INON frå fjord til fjell. Men for Vågsvåg, der det verkeleg dreiar seg om INON frå fjord til fjell, der har NVE valt å sjå heilt bort frå Fylkesmannen sine kommentarar. **Kan det vere slik at NVE berre ”brukar” Fylkesmannen sine kommentarar i dei tilfella då det er i samsvar med NVE sitt ønskje om å gje konsesjon, medan dei ”gir blaffen i” Fylkesmannen sine synspunkt når dei ikkje passar med NVE sitt ønskje om å gje konsesjon? Og kva med Stortinget sitt syn??**

Til dels store konflikter som er udokumenterte grunna uforsvarleg stor kunnskapsmangel når det gjeld fugl, inklusive flykorridorar for trekkfugl.

Gjeldande Vågsvåg:

Sitat frå side 60 (nedst) og 61 (øvt) i "Bakgrunn for vedtak" for Vågsvåg:

"SFT mener ferskvannet sentralt i planområdet er viktig for havørn, og at dette vil øke kollisjonsfaren for arten. De ber NVE bekrefte/avkrefte dette ved å be om tilleggsutredninger. NVE konstaterer at utreder har vurdert det til at det er lite/ingen fisk i de to mindre vannene i planområdet. Av den grunn er det lite som tilsier at planområdet er et viktig område for næringsøk for havørn. Etter NVEs vurdering er det andre og viktigere jaktområder for arten, herunder sjøfuglreservatene. NVE vil ikke kreve ytterligere utredninger for virkninger for havørn. Etter NVEs vurdering er kunnskapsgrunnlaget for fugl og annen fauna tilstrekkelig for å avgjøre konsesjonssøknaden."

Det spørsmålet SFT tok opp i fråsegna, var om havørna brukar dei aktuelle ferskvatna som "bade plass" for å vaske saltvatn ut av fjøyrdrakta. Det er noko heilt anna enn om ørna driv næringsøk i desse vatna. Det er velkjent at både havørn og ein del sjøfuglar brukar ferskvatn til "bading" for å få salt ut av fjøyrdrakta. Vi veit, frå tidlegare konsekvensutgreiningar, at havørna har ein slik "bade plass" på Lutelandet, midt inne mellom dei planlagde turbinane der. Derfor er det ikkje usannsynleg at ferskvatna inne i planområdet for Vågsvåg også er ein slik Havørnbade plass, og det var det vi ønskte ei avklaring på og difor eit svar på. Vi fekk ikkje svar på spørsmålet, men kommentar om eit heilt anna spørsmål. Kunnskapen om denne bruken av området er soleis ikkje opplyst.

Trekkande fugl

Som det går fram av Bakgrunn for vedtak og innkomne merknader frå oss og fylkesmannen ligg Vågsvåg vindkraftverk i trekkleia for fugl. Det er lagt vekt på at store deler av trekket går utanfor i havet, langs land. Dette er det stor usemje om blant fagfolk og ornitologar som nettopp framhevar at mykje av trekka skjer over land.

Det er kjent at kunnskapen om fugletrekk og kor desse går meir eksakt for dei ulike artane, er svært mangelfull. Det er kritikkverdige at NVE i dei 15 åra dei har handsama vindkraftverk langs kysten av Noreg ikkje har gjort meir for å innhenta informasjon om nøyaktig kor fugletrekka går. Mangel på kunnskap kjem fram i Bakgrunn for vedtak når det gjeld trekkruer.

Hekke fugl og influensområde for vindkraftverket

Den kunnskapen som har komme fram i høyringsfasen har ikkje vorte teken med i vurderinga. Frå våre høyringsfråsegner og Fylkesmannen si kom det fram at fleire arter hekker eller nyttar området i sine næringsøk, altså har sine leveområde i vindkraftområdet. Det gjaldt boltitt, vandrefalk, hubro, tårnfalk og fjellvåk. Desse artane er ikkje tekne med til fulle i vurderingar, eller influensområde til arten t.d Hubro ikkje er justert opp til verkeleg influensområde, og med i Bakgrunn for vedtak på lik line med dei artane som er omtala i KU. Vi meiner all tilgjengeleg kunnskap må leggest til grunn for vedtaket jamfør NML § 8 om kunnskapsgrunnlaget, første og andre del.

NVE vil ikkje vektlegge verknader for fugl i den samla vurderinga, Dette til tross for alle dei innkomne og samsvarande innspela om verknader for trekkande og hekkande fugl, sjøfugl og storleik på influensområde.

Vi meiner utifrå den kunnskapen som er kjent knytt til fugl i området at konsekvensen for fugl vil vere stor og at dette tema difor burde ha vore med til samla vurdering. Vi klagar på at tema fugl er for lite opplyst og at kjend kunnskap ikkje vert teken med og til samla vurdering.

Vi stillar oss og undrande til at NML § 5 om forvaltningsmål om artar vert referert til regionale og nasjonale bestandsmål, då denne viser til de naturlege utbreiingsområda og artene sine økologiske funksjonsområde og øvrige økologiske forhold som de er avhengige av. Dette viser også til lokale forvaltningsmål.

Vi har etterspurt kunnskap om trekkande flaggermus i området, men kan ikkje sjå at dette har vorte undersøkt eller svara nærare for.

Gjeldande Guleslettene:

Vi viser til at KU, fagutgreiing og tidsrom for kartlegging som bakgrunn for vedtaket som delvis feil og svært mangelfull, spesielt for trekkande fugl.

Når NVE vedgår at kunnskapsgrunnlaget er dårleg og gjer så lite konkret for å auke det, for å kunne nytte all kjend (om enn ikkje tilstrekkeleg) kunnskap i vurderingane om tiltaket, er det sterkt kritikkverdig.

Vi viser her til registrerte observasjonar frå ornitolog Anders Braanaas og vurderingane frå han:

”Eg kjenner ikkje trekkforholda over Guleslettene i detalj. Min kjennskap bygger på registreringar frå Grøneng (nord for Brandsøy) og nokre turar i forbindelse med hekkefugltaksering aust mot Mykjebustfjellet/ Magnhildskaret.

Det er opplagt rett som det er sagt at det går ein heil del grågåstrekk over Grøneng, Terdalen både vår og haust. Kor stor del av det totale trekket av grågås som følger denne ruta er ikkje godt å si, ein heil del går nok også lenger ute, og muleg innafor.

Då Grøneng ligg rett i denne omtala korridoren kan registreringane mine frå Grøneng brukast til å seie litt om betydninga, eller i allefall eksistensen av dette trekket. Legg ved utdrag frå Artsobs. Overflygande er også trekkande fugl i stor grad.

Ad. Fugletrekk som kan verte råka ved utbygging på Guleslettene:

Området som vert berørt av utbygginga er mangelfullt undersøkt når det gjeld td fugl som trekker over området vår og haust.

Topografien tilseier at fugl kan nytte korridorane nord - sør i området. Td frå Sørgulen over mot Terdalen .

Som vedlagte utklipp fra Artsobservasjoner syner er det registert eit visst trekk av grågås vår og høst nettopp mot det aktuelle området. (Overflygande fugl er også trekkande der det er snakk om meir enn nokre få individ) Øya Grøneng der observasjonene er gjort ligger rett søraust for Terdalen. Kor stor del av det totale grågåstrekket som går nettopp her er uvisst så lenge grundigere undersøkelser manglar.

Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane
V/ Anders Braanaas, leiar”

artsobservasjoner.no

DAGENS OBSERVASJONER Langtidsvarsel NRK Firda FINN Markblomster Forside - Agropub Anders Landbruk Nyheter Populære

Reportersystemet for fugler

Start Bil rapporter Vis funn Artsliste Statistikk Manual Logg inn

Art Periode Geografisk vindu Region Andre søkekriterier Presenter funn Administrer funn

Ditt valg: Grågås lokalitet: Grøneng, SF

Grågås	6 ind.		Grøneng, SF	9.5 2013	Anders Braanaas
Grågås	2 i par	overflygende	Grøneng, SF	5.5 2013	Anders Braanaas
Grågås	2 ind.	overflygende	Grøneng, SF	1.5 2013	Anders Braanaas
Grågås	34 ind.		Grøneng, SF	17.4 2013	Anders Braanaas
Grågås	50 ind.	ptN	Grøneng, SF	3.4 2013	Anders Braanaas
Grågås	60 ind.	ptSV	Grøneng, SF	19.8 2012	Anders Braanaas
Grågås	35 ind.	ptS	Grøneng, SF	8.8 2012	Anders Braanaas
Grågås	3 ind.	ptN	Grøneng, SF	23.4 2012	Anders Braanaas
Grågås	60 ind.	ptN	Grøneng, SF	12.4 2012	Anders Braanaas
Grågås	49 ind.	ptN	Grøneng, SF	4.4 2012	Anders Braanaas
Grågås	67 ind.	ptN	Grøneng, SF	4.4 2012	Anders Braanaas
Grågås	32 ind.	ptN	Grøneng, SF	3.4 2012	Anders Braanaas
Grågås	4 ind.	trekkende	Grøneng, SF	28.3 2012	Anders Braanaas
Grågås	1 ind.	ptN	Grøneng, SF	25.3 2012	Anders Braanaas
Grågås	3 ind.	trekkende	Grøneng, SF	20.10 2011	Anders Braanaas
Grågås	10 ind.	ptS	Grøneng, SF	1.9 2011	Anders Braanaas
Grågås	54 ind.	ptSV	Grøneng, SF	20.8 2011	Anders Braanaas
Grågås	65 ind.	ptSV	Grøneng, SF	7.8 2011	Anders Braanaas
Grågås	70 ind.	ptS	Grøneng, SF	2.8 2011	Anders Braanaas
Grågås	1 ind.	overflygende	Grøneng, SF	2.5 2011	Anders Braanaas
Grågås	36 ind.	ptN	Grøneng, SF	5.4 2011	Anders Braanaas
Grågås	74 ind.	ptN	Grøneng, SF	4.4 2011	Anders Braanaas
Grågås	1 ind.	ptN	Grøneng, SF	3.4 2011	Anders Braanaas
Grågås	4 ind.	overflygende	Grøneng, SF	27.3 2011	Anders Braanaas
Grågås	75 ind.	ptS	Grøneng, SF	25.8 2010	Anders Braanaas
Grågås	30 ind.	overflygende	Grøneng, SF	10.8 2010	Anders Braanaas
Grågås	2 ind.	rastende	Grøneng, SF	20.7 2010	Anders Braanaas
Grågås	2 ind.	overflygende	Grøneng, SF	28.6 2010	Anders Braanaas
Grågås	4 ind.	overflygende	Grøneng, SF	10.6 2010	Anders Braanaas
Grågås	40 ind.	overflygende	Grøneng, SF	2.5 2010	Anders Braanaas

30 per side Side 1 Funn 1 til 30 av totalt 32 (2 sider) [1] 2 Neste » | Siste

Total tid: 0,297 sek Åpne siden i nytt vindu

Alvar Melvær i SFT har også observert trekkende gås (truleg grågås) rett vest for Terdalskeipen. Fuglane kom frå nord, frå området ved Mulliegga. Men om dei kom rett over, like vest for eller like aust for Mulliegga, kunne han ikkje sjå. Flyhøgde: Nokså låg, truleg tilsvarende nedre halvdel av sveiparealet for ein vindturbin. Retninga vidare sørover stemmer heilt med Andres Braanaas sine observasjonar av fugletrekk over Grønenga. Observasjonen var frå Akslaskaret 07.08.2011. Det var ein plog med 30-40 fuglar som passerte gjennom skaret kloss vest for Holten og Terdalskeipen og aust for topp 646 som ligg vest for Akslavatnet.

Det er planlagt 5 turbinar midt i, og på langs av, den sannsynlege trekkretninga for dette trekket. Turbinane 35, 36, 37, 38 og 39. Turbin 40, 41 og 42 er også veldig nær den sannsynlege trekkruta.

Vi har i ei anna sak fått opplyst at det går fugletrekk gjennom Berleskaret på Bremangerlandet. Dette er skaret nord for Berlepollen (vest for Hornelen). Det kan stemme veldig godt at fuglar som flyg gjennom Berleskaret held fram vidare sørover slik at dei passerer kloss vest for Terdalskeipen.

I sum verkar det som dei kjende opplysningane om fugletrekk tilseier at det går eit hovudtrekk for grågås, og kanskje andre trekkfuglar, kloss vest for Terdalskeipen. Men det er sjølvsagt andre hovudtrekk som går lenger vest.

Dette viser at både dei vestre og midtre sentrale delane av vindkraftverket ligg i trekkkorridoren for grågås og andre artar som er mindre kartlagde.

Feltperioden som låg til grunn for KU var lagt etter den viktigaste tida for å registrere fugl på trekk om våren og er såleis svært mangelfull. Ut i frå informasjon gitt til NVE i

fråsegner og under synfaring kan vi ikkje sjå at de har verken innhenta, kvalitetssikra eller nytta tilgjengeleg og dokumentert kunnskap som skulle vore teken med til samla vurdering.

Som nemnt over har NVE handsama vindkraftverk langs kysten av Noreg i 15 år. Det er kritikkverdig at både kunnskapsgrunnlag og innsats for å styrke kunnskapsgrunnlaget er så mangelfull.

Til dels store konflikhtar med kulturminne, Guleslettene: At det er store konflikhtar med kulturminne, går klart fram av sakspapira, så vi skal ikkje utdjupe det, men vi vil påpeike nokre heilt konkrete faktafeil som NVE har lagt til grunn i si sakshandsaming.

Sitat 1 frå NVE sin ”Bakgrunn for vedtak”, punkt 4.5, ca. midt i første avsnitt:

”Fra helleristningsfeltet i Ausevik kan det bli opp til tolv synlige turbiner med en avstand på ca 15 km. Utsynet fra Ausevik i retning av vindkraftverket er også i dag preget av tekniske inngrep ved verftsindustrien.”

Kommentar: Vi har ikkje kjennskap til at nokon del av verftsindustrien i Flora er synleg frå helleristningsfeltet i Ausevik. Tvert imot opplever vi at utsynet frå Ausevik i retning Guleslettene hovudsakleg har preg av urørt natur, og at det i liten grad har preg av menneskelege inngrep. **Vi ber OED krevje at NVE dokumenterer, gjennom foto, dei tekniske inngrepa ved verftsindustrien som dei påstår skal vere så sterkt synlege frå helleristningsfeltet Ausevik.**

Sitat 2 frå litt lenger nede i same avsnitt som Sitat 1:

I følge konsekvensutredningen, vil ingen turbiner være synlige fra steinbruddet på Stakaneset.

Kommentar: Ny faktafeil. Ifølgje kartet på side 28 i vedlegget til konsekvensutgreiinga, vil 1 – 12 turbinar vere synlege frå den sørlege delen av steinbrotet på Stakaneset. På det aktuelle kartet ser ein det gule feltet om lag rett over bokstaven S i namnet SANDVIKA.

Sitat 3 frå setninga etter Sitat 1:

”Sørvest og sør for planområdet vil turbinene ikke være synlige fra kulturhistoriske lokaliteter.”

Kommentar: Ifølgje det same kartet som det er vist til i kommentaren til Sitat 2, vil 13 – 24 turbinar vere synlege frå ei heil rekkje av krigsminna like sørvest for Florø sentrum. Dette gjeld mellom anna kanonstillingane, inklusive ei gamal kanon, i Havreneset og bunkersane i Storåsen. For info om dei mange krigsminna, sjå nettsidene til Flora krigshistorielag: <http://www.flora-krigshistorielag.com/>

Sitat 4 frå NVE sin ”Bakgrunn for vedtak”, side 16, 2. avsnitt:

” Fylkeskommunen ber om at tiltaket tilpasses slik at de turbinene som er visuelt dominerende for kulturmiljøet i Botnane blir fjernet. Direktorat for naturforvaltning opplyser at konfliktgraden kan reduseres dersom tiltaket ikke blir synlig fra Stakaneset eller Ausevik. Vi konstaterer at detaljplassering av vindturbiner er avgjørende for å optimalisere produksjon fra kraftverket. Ved en eventuell konsesjon vil vi ikke stille krav til plassering av vindturbiner av hensyn til kulturminneverdiene i influensområdet, men anbefale at konsesjonær ser etter løsninger som ivaretar innspillene i arbeidet med detaljprosjekteringen. Vindkraftverket vil ikke være synlig fra Stakaneset.”

Kommentar: Vi konstaterer at NVE prioriterer omsynet til utbyggerane sin økonomi klårt høgre enn omsynet til dei mange kulturminna som vert påverka. NVE ser også bort frå ein av Fylkeskommunen sine føresetnadar for å seie ja til utbygginga. Kort utdrag av Fylkeskommunen sitt vedtak:

*”2. Fylkeskommunen føreset at det vert stilt krav om avbøtande tiltak, i form av:
-Fjerning av turbinar som er visuelt dominerande for kulturmiljøet og landskap i Botnane.”*

Igjen presiserer vi at viss synlegheitskarta som følgjer konsesjonssøknaden er korrekte, **vil vindkraftverket verte synleg** frå (den sørlege delen av) Stakaneset, det er det ingen tvil om!

På same måte som for landskap, konstaterer vi at NVE heller ikkje tek ansvaret for å ta omsyn til kulturminna, men overlet dette til utbyggerane sin eventuelle velvilje i samband med detaljprosjekteringa. **Vi synest det er sterkt kritikkverdig at NVE ikkje tek ansvar for å ta omsyn til kulturminna, det er ein del av NVE sin jobb! Vi oppmodar OED sterkt om å dette ansvaret!**

Til dels store konflikhtar med kulturminne, Vågsvåg: To sitat frå NVE sin ”Bakgrunn for vedtak” ca. midt på side 18 og øvst på side 19:

”Fylkeskommunen mener at Torskangerpollen og Vågsberget er verdifulle kulturmiljø, som vil bli visuelt påvirket av anlegget. Dersom det gis konsesjon stiller de krav fjerning av turbiner som er synlige fra Vågsberget.”

”Etter NVEs vurdering tilsier avstand til vindturbinene samt graden av påvirkning, at hensynet til kulturminner og kulturmiljø ikke vil vektlegges i den samlede vurderingen av Vågsvåg vindkraftverk.”

Kommentar: Vi konstaterer at Fylkeskommunen, som har eit sterkt og godt fagmiljø når det gjeld kulturminne, meiner at konfliktane er så store at dei krev fjerning av turbinar. NVE meiner at konfliktane er så små at dei ikkje eingong vil vektlegge dei i den samla vurderinga av Vågsvåg vindkraftverk. Frå vår side har vi klårt størst tiltru til fagfolka i Fylkeskommunen sine vurderingar!

Til dels store konflikhtar med reiseliv, nokre av dei ikkje/lite dokumenterte: Det er svært omfattande turisttrafikk på sjøen langs kysten av Sogn og Fjordane. Dette gjeld båtar i alle storleikar frå små lystbåtar av ulike slag, via hurtiggåande passasjerbåtar og Hurtigruten, til store cruiseskip med fleire tusen passasjerar. Denne turisttrafikken og konsekvensane for den, er i liten grad omtala i sakspapira. Det gjeld både for Guleslettene og Vågsvåg.

Med dei konsesjonane som NVE til no har gitt, vil ein på strekninga frå den nordlege delen av Solund, via Florø og Måløy til litt opp på Sunnmøre få ein nesten samanhengande utsikt til eitt eller to vindkraftverk. Berre på korte strekk, det lengste forbi Måløy, vil ein unngå å ha eit vindkraftverk i synsfeltet. Kjem ein med båt/skip frå sør vil ein først sjå Lutelandet vindkraftverk, så følgjer Guleslettene, så vil ein sjå både Guleslettene og Hennøy, så berre Hennøy, så Vågsvåg, så Mehuken, så både Mehuken og Okla, og til slutt berre Okla. **Sjølv om ein vil få nokre få og nokså korte vindkraftfrie periodar, så vil inntrykket frå sjøen bli at her er det ei kyststrekning som i svært stor grad er dominert av vindturbinar!** Vi kan ikkje sjå at dette er ei side av vindkraftutbygginga i Sogn og Fjordane som NVE har omtala i nemneverdig grad, og langt mindre lagt vekt på. **Viss dei vindkraftverka som NVE til no har gitt konsesjon til, vert bygde, blir det sannsynlegvis ikkje noko anna**

kyststrekning i landet som vil bli så til dei grader dominerte av vindkraftverk som kysten av Sunnfjord og Nordfjord. (For andre delar av landet sin del, håpar vi at dette stemmer!) Vi synest det er kritikkverdig at NVE ikkje har omtala dette på ein skikkeleg måte!

Vi oppmodar OED om å redusere desse store sumverknadane gjennom å avslå søknadane!

Om Hurtigruta: NVE skriv på side 19 i ”Bakgrunn for vedtak” mellom anna at ”*Hurtigruta har anløp i Florø to ganger daglig, én på nattetid og én tidlig om morgenen.*” At Hurtigruta på nordgåande passerer Florø på nattetid, stemmer heilt. Men på sørgåande kjem den etter ruta til Florø kl. 07.45 og går vidare mot Bergen kl. 08.15. Dette er ikkje spesielt tidleg, det er frukosttid, og dei som sit på nordsida i matsalen vil få ”full utsikt” til turbinane med dei blinkande raude lysa oppe på Guleslettene. A-menneska mellom passasjerane vil i tillegg til Hennøy vindkraftverk, også kunne oppleve Guleslettene vindkraftverk både frå nord, vest og sør!

Om Kannesteinen: Kannesteinen er ein både nasjonalt og internasjonalt kjent naturattraksjon. Det er berre å søke etter den på nettet, så ser ein det! Mellom anna finn ein tusenvis av foto. NVE si sluttsynfaring viste at Vågsvåg vindkraftverk vil verke ganske sterkt dominerande sett frå Kannesteinen, og kontrasten mellom den flotte naturattraksjonen og industriområdet på toppen av fjellet sørafor vert nesten grotesk. Vågsvåg vindkraftverk bør ikkje byggast!

For Vågsvåg heilt uakseptable konflikhtar når det gjeld støy: Vi viser til det vi har skrivne om dette temaet tidlegare i brevet.

På enkelte fagområde er konkrete faktafeil brukte som del av vurderingsgrunnlaget: Vi har påpeika konkrete faktafeil fleire stadar tidlegare i dette brevet, og viser til det. (Det er fleire!)

”Overvåking av langtransportert forurenset luft og nedbør”: I klagen vår av 30.10.2014 skreiv vi det viktigaste om dette. I Vedlegg 2 sender vi til orientering ein kopi av NIVA sin siste årsrapport om temaet. Langevatnet inne i planområdet for Guleslettene vindkraftverk, er omtala i rapporten.

NVE har langt på veg konsekvent prioritert dei økonomiske interessene/utbyggerinteressene på kostnad av dei ålmenne interessene: Dette har vi gitt fleire døme på tidlegare i dette brevet.

Framlegg til avbøtande tiltak vert i stor grad avviste av NVE og utbyggerinteressene vert prioriterte: Dette har vi også gitt fleire døme på tidlegare i brevet.

Mangelfull vurdering av sumverknadar på ei rekkje fagområde: Dette har vi gitt døme på tidlegare i dette brevet.

Nytt døme 1: Sett frå det nasjonalt viktige landskapselementet og turmålet Hornelen, vil 4 vindkraftverk bli godt synlege på ulike avstandar: Mehuken (i drift, lengst unna), Vågsvåg, Guleslettene og Hennøy (nærast Hornelen). I sum vil dei 4 vindkraftverka dominere utsikten i to av dei viktigaste utsiktsretningane. Viss det skulle bli gitt konsesjon til Bremangerlandet vindkraftverk, vil det bli enda verre. Vi kan ikkje sjå at NVE har vurdert desse store sumverknadane i ”Bakgrunn for vedtak”.

Nytt døme 2: I dalane rundt Guleslettene er det dels bygd og dels gitt konsesjon til ganske mange små kraftverk. I tillegg har ein dei store kraftlinjene, og 2 store steinbrot (eitt i drift). Sogn og Fjordane Turlag har både i samband med vindkraftverket og i samband med småkraftverka, teke opp dei store sumverknadane av alle desse utbyggingane som eit problem. I samband med at det vart gitt konsesjon til bygging av Klauva kraftverk, skreiv NVE i ”Bakgrunn for vedtak”, nedst på side 22:

”NVE har til behandling en søknad om Guleslettene vindkraftverk i det samme området, og det vil i behandlingen av denne bli foretatt en egen vurdering av bl.a. samlet belastning.”

Vi kan ikkje sjå at den ovanfor lova vurderinga av samla belastning av vindkraftverket, dei små kraftverka og kraftlinjene (og dei 2 steinbrota, eitt i drift og eitt har fått konsesjon) er vurdert for den store halvøya vest for vegen gjennom Magnhildskaret. Sumverknadane er svært store! (Vi håpar vi ikkje har oversett noko.) Det einaste vi har sett nemnt, er at Turlaget har bedt om ei slik vurdering.

Andre kommentarar til sakene:

Skyggekast for Vågsvåg vindkraftverk: Vi kjem her med 2 sitat frå side 32 i NVE sitt notat ”Bakgrunn for vedtak”:

”I følge konsekvensutredningen vil ingen boliger få skyggekast over 10 timer per år. Beregningene er basert på forventet skyggekast. Teoretisk skyggekast tar ikke hensyn til antall soltimer og er et såkalt ”verste-tilfelle-scenario”. I utredningen er det valgt ut seks skyggekastmottakere, hvorav en helårsbolig og noen sjøhus på østsiden av Torskangerpollen vil få et omfang av teoretisk skyggekast på 46:40 timer per år og 40 minutter per dag. Samme mottaker vil få 6:25 timer forventet skyggekast per år.

NVEs anbefalte grenseverdier for skyggekast er 30 timer teoretisk skyggekast per år, 30 minutter teoretisk skyggekast per dag og 8 timer faktisk skyggekast per år. NVE konstaterer at vindkraftverket ikke vil medføre skyggekast for boliger over gjeldende grenseverdier for forventet skyggekast, og kun i begrenset omfang overskride grenseverdier for teoretisk skyggekast. Etter NVEs vurdering vil det ikke være nødvendig med avbøtende tiltak knyttet til skyggekast.”

”NVE konstaterer at vindkraftverket ikke vil medføre skyggekast for boliger over gjeldende grenseverdier for forventet skyggekast, og vil ikke vektlegge skyggekast i den samlede vurderingen av vindkraftverket.”

Kommentar: Vårt syn er at NVE ikkje har god nok sakleg dekning for å påstå at bustadhus ikkje får skyggekast over grenseverdiene. Grunngeving: Det aktuelle teoretiske skyggekastet for eit bustadhus overskrid grenseverdien med meir enn 50% på årsbasis og med 33% pr. dag. Det er ikkje ei overskriding som har ”begrenset omfang”, det er ei stor overskriding!

Slik vi forstår det, er ”teoretisk skyggekast” = reelt skyggekast under føresetnad av at det er sol på **alle** dei aktuelle dagane då sola står i rett høgde til at det kan bli skyggekast. Det er sjølvsagt ikkje sol på alle desse dagane. Men på dei dagane då det verkeleg er sol, så vil reelt skyggekast bli = teoretisk skyggekast. Det betyr på viss det er sol på ”dei rette” dagane, og det vil det sjølvsagt bli mange gonger, **så vil den aktuelle bustaden få eit reelt skyggekast på 40 minuttar pr. dag! Det er over grenseverdien!** Det som vert kalla ”forventet skyggekast per år” går vi ut frå er basert på ei reint teoretisk utrekning ved bruk av tal soltimar i det aktuelle området. (Har ein gode nok meteorologiske data til å fastslå dette for

Torskangerpollen? Heilt ytst på kysten, som der, er det ofte meir sol enn nokre få kilometer lenger inne i landet.) Vi har ikkje sett oss inn i detaljane om korleis dette vert rekna ut, men går ut frå at det einaste som er sikkert med ”forventet skyggekast per år”, er at det er usikkert! Det reelle årstalet for skyggekasttimar vil variere ganske mykje frå år til år avhengig av vêret. Nokre år vil det vere over 8 timar, andre år under. Vårt syn er at når det er tvil, som det i høg grad er her, **så skal ”tvilen komme tiltalte (her huseigaren) til gode”!** Det synest vi at NVE, i sin iver etter å gje konsesjon til eit svært kontroversielt vindkraftverk, ikkje har teke omsyn til. **Vi oppmodar OED sterkt om å ta betre omsyn til dei som bur i området, og sjå nærare på dette!**

Kva har Fylkesmannen sagt om Guleslettene vindkraftverk?: I punkt 3.5 på side 8 i notatet ”Bakgrunn for vedtak”, skriv NVE dette:

”Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er positiv til at vindkraftutbygging i fylket konsentreres i større område, og mener at utbygging av Guleslettene vindkraftverk med unntak av vindturbinene lengst vest vil være akseptabelt.”

På siste side (11) i si høyringsfråsegn av 18.10.2011 skriv Fylkesmannen om Guleslettene: *”Fylkesmannen har også vurdert motsegn mot den delen av Guleslettene vindkraftverk som i regional plan for vindkraft er gitt stort konfliktpotensial. Etter ei samla vurdering ser vi likevel det positive i å konsentrere vindkraftutbygging i relativt store, men få lokalitetar i staden for å spreie inngrepa. Med tilvising til faggrunnlaget for regional plan for vindkraft, vil vi likevel rå sterkt til å fjerne dei planlagde vindmøllene i området Skudalsnipa – Steinheia – Botnanipa i nord, og vindmøllene i området Tverrdalsnipa – Grønægga i sørvest. Ei radarundersøking av fugletrekket i området, særleg om hausten, må etter vårt syn gjennomførast før desse delane av området kan byggast ut. Slik undersøking bør under alle omstende vere ein obligatorisk del av utgreiingsprogrammet for vindkraftverk i kystnære strøk.”*

Kommentar: Vi ser at NVE i sin argumentasjon for utbygging på Guleslettene legg vekt på at Fylkesmannen er positiv til at vindkraftutbygging vert konsentrert i større område. Til samanlikning ser vi at for Vågsvåg og Okla som er små og svært kontroversielle vindkraftverk, der har NVE fullstendig ”gløymt” Fylkesmannen sitt syn, trass i at det har kome sterkt til uttrykk gjennom motsegner. **Det ser ut som NVE berre brukar Fylkesmannen sitt syn i den grad det passar saman med NVE sine ønskje om utbygging, og ”gløymer” det når det ikkje passar.** NVE har også valt å sjå bort frå Fylkesmannen si sterke tilråding om å fjerne turbinar på Guleslettene, og ønsket om å gjere noko med det katastrofale dårlege kunnskapsgrunnlaget når det gjeld fugletrekk. Når kunnskapsgrunnlaget om fugletrekk er så dårleg, er det etter vårt syn ikkje fagleg forsvarleg av NVE å gje så mange konsesjonar i område der ein veit at det er fugletrekk, men der ein ikkje veit kvar trekka går. **Ein får ei form for ”synsingsbasert” sakshandsaming i staden for ei som er kunnskapsbasert!**

Vindkraftutbygging representer kortsiktige og til dels heilt irreversible inngrep:

Vindkraftverk har ei levetid på berre 15 – 20 år, i verste fall enda kortare. Døme: Dei første 5 turbinane i Mehuken vindkraftverk, som vart sett i drift i 2001, vart i august 2014 demonterte etter berre 13 års drift. Eitt av dei store problema for drifta var turbulens. Det vart fleire, til dels lange, driftsstopp.

I ”Bakgrunn for vedtak” side 9, skriv NVE om Guleslettene: *Etter NVEs vurdering har planområdet utfordringer knyttet til ising og turbulens.*

Om Vågsvåg vindkraftverk skriv NVE følgjande: *Det er forventet noe turbulens i området ved nordnordøstlig og østlig vindretning, og det kan til tider forekomme ekstremvinder.*

Med andre ord: For begge vindkraftverka er det forventa store fysiske belastningar på turbinane med tilhøyrande stor slitasje. For oss er det sjølvsagt vanskeleg å bedømme kor lang levetida på turbinane vil bli, det er også avhengig av kor store pengar ein brukar på vedlikehald. Men det er ikkje usannsynleg at levetida vert berre maksimum 15 år, i alle fall for dei mest utsette turbinane. Til samanlikning har eit vasskraftverk ei levetid på 50 – 100 år, og vedlikehaldskostnaden for vasskraftverk er etter det vi kjenner til, **mykje** lågare enn for vindkraft.

Om ein samanliknar uregulert vindkraft med uregulert vasskraft, vil ein i dei aller fleste tilfelle sjå at miljøkonsekvensane for vindkraft er svært mykje meir negative når det gjeld landskap, friluftsliv, INON, kulturminne, fugl og ein del andre typar biologisk mangfald. For vindkraft er det dessutan nesten umogleg (og minimal vilje hos NVE, ser verkar det som) til å sette i verk gode avbøtande tiltak. Uregulert vasskraft kan også ha mange, og til dels store, negative miljøverknadar på ulike fagområde, men dei er det - i alle fall for ein stor del - mogeleg å avbøte gjennom slepping av minstevassføring. **Både samfunnsøkonomisk og når det gjeld miljø, er uregulert vasskraft i dei fleste tilfelle betre enn vindkraft. Dette tilseier at ein må vere svært restriktiv når det gjeld å bygge ut dei mest kontroversielle vindkraftverka! Både Guleslettene og Vågsvåg er mellom desse. Dei bør ikkje byggast!**

Det mest positive ein kan seie om vindkraftverka når det gjeld miljø, er at turbinane skal fjernast etter relativt få år. Men dette er også det mest negative, fordi dei etter kvart kjempemessig store turbinblada representerer eit stort, og så vidt vi kjenner til, enno uløyst, miljøproblem.

Både for Guleslettene og Vågsvåg, representerer den svært omfattande vegbygginga (spesielt for Guleslettene) og opparbeidinga av dei store flate områda ved kvar turbin, store, irreversible naturinngrep. Aller verst blir dette for Guleslettene, der det i nesten heile området er minimalt med lausmassar, slik at ein må ”sprengje seg fram” i ca. 35 av 36,5 kilometer. Det landskapet skal det bli vanskeleg å ”sette i stand att” etter at turbinane om nokre år er fjerna!

I punkt 4.18.4 på side 35 i ”Bakgrunn for vedtak” for Guleslettene skriv NVE mellom anna: *”Dersom det gis konsesjon, vil NVE sette vilkår om at området skal tilbakeføres til sin naturlige tilstand så langt dette er mulig når anlegget legges ned. NVE vil også sette vilkår om at konsesjonær skal stille garanti som sikrer kostnadsdekning for fjerning av vindturbinene og tilbakeføring av området innen det tolvte driftsåret. Før utløp av konsesjonsperioden skal NVE sikre at konsesjonær utformer en god plan for tilbakeføring. Det er etter NVEs vurdering ikke nødvendig å utarbeide en slik plan på nåværende tidspunkt, 20-30 år før det er aktuelt med nedleggelse.”*

Viss ein skal ta det NVE skriv her ”på alvor”, betyr dette mellom anna **at NVE her gir ein 100% sikker garanti om at alle vegar og andre inngrep skal fjernast etter at vindkraftverket er lagt ned**, uansett kva grunneigarar og kommunar måtte meine på den aktuelle tida om 20 år eller meir.

I så fall betyr det at dei kjempestore inngrepa på Guleslettene i brukbar grad vil bli reversible. Dessverre er vi i tvil om vi kan stole på NVE si forsikring om at ”*området skal tilbakeføres til sin naturlige tilstand så langt dette er mulig når anlegget legges ned.*”, og at dei 36,5 kilometerane med stort sett sprengde vegar som sterkt vil prege landskapet på Guleslettene, reelt vil bli fjerna.

Grunngeving for denne tvilen: NVE har til no hatt ei slik sak, nemleg nedlegging og fjerning utan oppattbygging av 2 av dei eldste turbinane på Mehuken. Nokre hundre meter med veg (blindveg) vart då fullstendig unødvendig for drifta av vindkraftverket, og skulle dermed vorte fjerna. Det var ingen sakleg grunn til å la vegen bli liggande. Det var sakleg grunn til å ha ein tursti der, og med litt velvilje kunne ein også seie at det ville vere sakleg grunn for å behalde ein turveg, som mellom anna kunne brukast av rullestolbrukarar. Men ein 5 meter brei bilveg som uansett vil vere stengd for ålmenn ferdsel – nei! Men det NVE gjorde, var altså å gje løyve til at vegen skulle bli liggande i full breidde og i ”all framtid”. Dette sannsynlege grove brotet på konsesjonsvilkåra (vi har ikkje sett vilkåra for Mehuken I, så vi er ikkje 100% sikre,) tillet NVE utan at saka vart sendt på høyring. Berre kommunen og grunneigarane fekk høve til å uttale seg, etter det vi veit. Med dette har NVE sannsynlegvis ”skapt presedens” for det som skal skje ved nedlegging av vindkraftverk. Uansett kva som måtte bli skrive i konsesjonsvilkåra, **reknar vi dessverre det som det mest sannsynlege at dei store naturøydeleggande veginngrepa på Guleslettene vil bli ”evigvarande”, og det berre på grunn av eit sterkt ulønsamt og derfor sterkt subsidiert, ikkje samfunns-økonomisk bærekraftig vindkraftverk som berre har ei levetid på 15 år, eller litt meir. Vi vil så sterkt vi kan oppmode OED om ikkje å gje konsesjon til noko slikt!**

Sluttord:

I denne saka synest vi at eit GRUK av Piet Hein, ”STATEN”, passar som vår sluttkommentar:

STATEN

Naturen er
vor far og mor
som gode gaver
ga os.
Og staten er
vor store bror,
som tar det hele
fra os.

Sakshandsamarar: Elisabeth Dahle og Alvar Melvær.

Venleg helsing

for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Marit Vøien Nes, leiar



Norsk Ornitologisk Forening avd Sogn og Fjordane
Anders Braanaas, leiar



Forum for natur og friluftsliv
Elisabeth Dahle
koordinator